



ÅLESUND KOMMUNE
Postboks 1521
6025 ÅLESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gunnhild Liva Austvoll, 71 25 85 12

Ålesund kommune - inspeksjonsrapport 2021.317.I.SFMR

Denne rapporten handlar om resultatet frå ein inspeksjon gjennomført 1. og 2. september 2021 ved Ålesund kommune. Rapporten blir rekna som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er mottatt.

Desse personane var til stades under inspeksjonen:

Frå verksemda:
Ole Andreas Søvik
Arve Olav Bang
Bjørghild Lervik
Svein Johansen
Karsten Almås
Sissel Kipperberg
Joar Strand
Thor Blindheim
Anette Solbakken og John Harald Fylling

Frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal:
Gunnhild Liva Austvoll
Christian Dahl

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal avdekka 5 avvik og gav ingen merknader etter tilsynet

Avvika gjeld:

1. Ålesund kommune overheld ikkje krava i internkontrollforskrifta
2. Ålesund kommune overheld ikkje reinsekrev for alle avløpsanlegg
3. Planar som er lagd for å overhalde fristar i løyvet blir ikkje følgt.
4. Kommunen har ikkje god nok kontroll på mengde avløps- og overvatn som blir tilført avløpsanlegga
5. Bruken og oppfølging av verksemda sitt avvikssystem fungerer ikkje godt nok.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)
fagleiar
Dokumentet er elektronisk godkjent

Gunnhild Liva Austvoll
Senioringeniør



1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Namn: Ålesund kommune	
Bedriftsnr. for undereininga: 920415288	Eigd av (organisasjonsnr.): 874573272
Risikoklasse: 2	Anleggsaktivitet: Oppsamling og behandling av avløpsvann
Løyve gitt: 23.8.2016	Kontrollnummer: 2021.317.I.SFMR

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Tilsynet blei gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningsregelverket blir følgt. Tilsynet er ein del av den landsomfattande avløpsaksjonen i regi av Miljødirektoratet. Formålet med aksjonen er å kontrollere at kommunen tek ansvar for at det samla avløpssystemet er i samsvar med regelverk og løyve.

Tema for tilsynet var:

- Overordnet styring og planlegging
 - Oversikt over tilstand og regelverk/myndekrav etter forureiningsregelverket
 - Plan legging og styring
 - Rutiner for avvikshandtering
- Utslippskontroll
 - Leidningsnett
 - Tilstand og fornyingsbehov
 - Overløp og lekkasjar
 - Reinseanlegg
 - Prøvetakning
- Rapportering til staten

Rapporten dreier seg om avvik og merknader som blei avdekka under inspeksjonen og gir inga fullstendig vurdering av tilstanden til miljøarbeidet eller miljøstatusen ved verksemda.



3. Avvik

Avvik blir definert som manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

Statsforvaltaren fant følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Ålesund kommune overheld ikkje krava i internkontrollforskrifta

Avvik frå:

- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskrifta) § 5

Kommentarar:

Internkontrollforskrifta stiller krav til at kommunen skal arbeide systematisk og drive eit forbetningsarbeid, dette arbeidet skal sørge for at miljøet blir verna mot forureining. Gjennom internkontrollen skal ein sørge for at arbeidstakarar har tilstrekkeleg kunnskap og at den samla kunnskapen og erfaringa vert utnytta. Internkontrollen skal gje ein oversikt på verksemdas oppgåver og planar som er utarbeid for å redusere bland anna risikoforhold.

Ålesund kommune har tilsette som har kompetanse på HMS, men det kjem i liten grad fram korleis dei enkelte prosjekta innanfor avløp systematisk bruker denne kompetansen for sikre ytre miljø. Kommunen sitt arbeid med risikovurdering av ytre miljø skjer i hovudsak i planarbeidet med avløp, dette arbeidet har vært utført av eksterne konsulentar. Vårt inntrykk etter tilsynet er at planarbeidet ikkje er godt nok forankra i organisasjonen. Eit godt fungerande internkontrollsystem er nødvending for at dette arbeidet skal fungere.

Avvik 2

Ålesund kommune overheld ikkje reinsekrav for alle avløpsanlegg

Avvik frå:

- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta), kap. 11 og 14
- Tillatelse etter forurensningsloven for Ålesund kommune til utslipp av kommunalt avløpsvann og utslipp av overvann fra avløpsanlegg i Ålesund tettbebyggelse.

Kommentarar:

Ålesund kommune er kjent med at dei ikkje overheld reinsekrava for ein del av reinseanlegga. Statsforvaltaren var våren 2021 i dialog med kommunen angående dette. Tema i tilsynet og dialogen våren 2021 var at reinseanlegg ikkje overheld krava. Utskiftingstakta på leidningsnett er heller ikkje tilstrekkeleg til å kunne overhalde kravet på 5 % overløp i året.

Døme på brot i løyvet:

- punkt 2.3.2 i løyvet sett krav om dokumentert berekraftig utskifting av leidningsnett, det skulle innan 2020 skulle vert laga ein plan som syner kordan overvatn påverkar leidningsnettet i ulike avrenningssituasjonar. Plana skal om innehalde tiltak.



- Punkt 2.3.3 set krav til utslepp via overløp, her har vi inntrykk av at det er gjort eit arbeid, men kan ikkje finne dokumentasjon på at kravet på 5 % overløp er halde. Det er heller ikkje gjort ei berekning på forventet overløp i eit normalår. Vi er gjort kjent med at det er driftsoverløp til sårbare resipientar, her skulle det ha vært gjennomført oppsamlingstiltak.
- Punkt 2.3.4 omhandlar verknadsgraden til avløpsnett. Det viktigaste kravet her er at utslepp grunna feilkoplingar, stans i pumpestasjonar, lekkasjar frå spillvass- til overvassleidning eller utslepp som skyldast tilstoppingar ikkje skal redusere verknadsgraden i avløpsnett med meir enn 3% fram til 2021, etter dette er kravet 2%.

Alle desse punkta skal vere sikra gjennom kravet til systematisk vedlikehald og fornying som er tema i punkt 2.6 i løyvet.

Avvik 3

Planar som er lagd for å overhalde fristar i løyvet blir ikkje følgt.

Avvik frå:

- Tillatelse etter forurensningsloven for Ålesund kommune til utslipp av kommunalt avløpsvann og utslipp av overvann fra avløpsanlegg i Ålesund tettbebyggelse. Punkt 2.2
- Internkontrollforskrifta § 5 pkt.6

Kommentarar:

Vi syner til løyve punkt 2.2. og kravet om beskriving av tiltak i plan. Det er spesielt nemnt saneringsplanar, som skal vere utarbeida og tiltak som skal være gjennomført innan 1.1.2020. Anlegg og utsleppspunkt som er omfatta av tettstaden til kap. 14 og som ikkje er særskilt nemnd i løyver er ikkje lenger lovlege utslepp. Dei innsendte dokumenta syner at det er laga planar for sanering, men at desse ikkje er gjennomført. Planane er heller ikkje i samsvar med hovudplana. Det går fram av hovudplana at man skal overhalde «fylkesmannen» sine fristar til direkteutslepp.

Døme på plan:

Overordna saneringsplan for Aspøya, datert nov.2018

Denne plana omhandlar leidningsnett og ikkje reinseanlegga, men det er teke med at det er eit direkteutslepp frå U35 Kvenneset. Direkteutsleppet skal vere kjent for Ålesund kommune og sanering av U35 Kvenneset skal vere prioritert i eit eige prioritert prosjekt, dette går fram av plana. Det er ikkje vist til kva for ei plan dette er. "Ranking project matrix" omhandlar sanering av Kvenneset med frist 01.01.19, men prosjektet er ikkje starta.

Intervjua syner at mykje av det arbeidet som vert gjort ikkje er basert på dei planane og risikovurderingane (og vilkår i løyve) som er utarbeid. Grunnlaget for å prioritere eit prosjekt er ofte ikkje forankra i hovudplan, men kan verte styrt av til dømes utbygging av bustadsområde.

Internkontrollforskrifta stiller og krav til at det skal vere utarbeidd forpliktande planar og tiltak som skal redusere risikoforhold.

Under sluttmøtet blei vi kjent med at direkteutsleppet frå U35 Kvenneset vart stansa hausten 2021. Dette anlegget er nytta som eit døme, det er framleis andre direkteutslepp som ikkje er stansa.



Avvik 4

Kommunen har ikkje god nok kontroll på mengde avløps- og overvatn som blir tilført avløpsanlegga

Avvik frå:

- Forureiningsforskrifta § 14-5
- Tillatelse etter forureiningsloven for Ålesund kommune til utslipp av kommunalt avløpsvann og utslipp av overvann fra avløpsanlegg i Ålesund tettbebyggelse.

Kommentarar:

I løyvet er det satt krav til at kommunen skal ha kontroll på kor stor tilførsel reinseanlegga er dimensjonert for å ta imot. Det blir ikkje sjekka tilgjengeleg kapasitet på reinseanlegget og om reinseanlegga overheld krava før ny busetnad vert kopla til.

Vatn- og avlaupsavdelinga er høyringspart i byggesaker og reguleringsplanar. Vatn og avlaupsavdelinga si rolle er å gjere greie for om avløpsnett og reinseanlegg er dimensjonert for å handtere avløpsvatnet frå ny busetnad. Vårt inntrykk er at avdelinga i fleire tilhøve gir ein positiv uttale til nye prosjekt til tross for at avløpssituasjonen ikkje er tilfredsstillande

Ein del av dei avløpsanlegga som er omfatta av løyve overheld ikkje krava til dokumentasjon på uttak av prøvar, analyse og vurdering av desse. Ein kan då ikkje dokumentere at reinsekravet vert overhaldd.

Avvik 5

Bruken og oppfølging av verksemda sitt avvikssystem fungerer ikkje godt nok.

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 pkt. 7
- Tillatelse etter forureiningsloven for Ålesund kommune til utslipp av kommunalt avløpsvann og utslipp av overvann fra avløpsanlegg i Ålesund tettbebyggelse.

Kommentarar:

Intervjua synar at det er ulik oppfatning i kommunen om kva som skal definerast som avvik og kva system som skal nyttast for å registrere avvik.

Kommunen bruker fleire ulike system for å registrere driftshendingar. Compilo skal nyttast til avviksregistrering. Det er svært få hendingar knytt til denne eininga som er registrert i Compilo. Driftsavvik og problem med drift registrerast i Gemini VA. Prøveanalysar frå reinseanlegg vert registrert på papir, det manglar prosedyrar på korleis desse skal samanfatta og rapporterast vidare.

Mangelfulle rutinar knytt til avviksregistrering kan føre til feil prioritering og avgjersle blir tatt på feil grunnlag. Det kan også føre til at man ikkje får synleggjort behovet for investeringar og framdrift.



4. Oppfølging etter inspeksjonen

Ålesund kommune har plikt å rette opp dei avvika som er skildra i denne rapporten så snart som mogleg. For at Statsforvaltaren i Møre og Romsdal skal kunne avslutte saka, må Ålesund kommune innan 1.4.2022 sende ein skriftleg plan viser når og korleis avvika er tenkt retta.

Vi ber om at de sender svarbrev til sfmrpost@statsforvaltaren.no eller på papir til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde, merka med saksnummer. Saksnummeret er 2013/942.

5. Vedtak av gebyr

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal varsla i brev datert 07.07.21 at Ålesund kommune vil bli pålagt eit gebyr på kr 50 700 for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-8. Dette svarar til sats 5. Grunna det store omfanget tilsynet har fått ser vi det naudsynt å til å heve gebyret til sats 4, som er kr 101 500. Faktura blir sendt frå Miljødirektoratet.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Moglegheit for klage

De har rett til å klage på valet av gebyrsats innan tre veker etter at de har mottatt denne rapporten. Klagen skal angi den eller dei endringane som de ønskjer. Klagen bør grunngjevast og skal sendast til Miljødirektoratet.

6. Offentlegheit

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for offentlegheita via postjournalen til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, jf. offentleglova. I tillegg vil rapporten vere tilgjengeleg på www.norskeutslipp.no.

7. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) med forskrifter
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Tillatelse etter forurensningsloven for Ålesund kommune til utslipp av kommunalt avløpsvann og utslipp av overvann fra avløpsanlegg i Ålesund tettbebyggelse.